


TERMPOSTEN

Nr. 2
desember 2015

SPRÅKRÅDETS NYHEITSBREV
OM TERMINOLOGI

INNHALD:

Redaksjonens vindauge	2
Sidan sist	2
Nyheiter	3
Visste du at? Om Språkrådets termwiki	3
På kornet – portrettintervju med Bodil Nistrup Madsen	4
Aktuell term: <i>Nøytrino</i>	4
Spørsmål og svar 1: Oversettelse av <i>walk-in closet</i>?	5
Spørsmål og svar 2: Norsk for <i>trigger warning</i>?	5
Smakebitar frå nordiske termbasar: MetLex	5
Terminologgen	6
Nokre komande arrangement	6



Redaksjonens vindauge

Nok eit år nærmar seg slutten. I 2015 har Språkrådet fått ny direktør, Åse Wetås, som starta i jobben 1. desember. Ho kjem frå prosjektet Norsk Ordbok som no er avslutta, og ho har også sete i styret til Språkrådet.

2015 var også Nordterm-år, og konferansen vart omtala i førre utgåve av Termposten. Det er to år til neste Nordterm-konferanse, og då er det Noreg som er vertsland.

I denne utgåva lanserer vi ei ny spalte, «Smakebitar frå nordiske termbasar». Her vil vi presentere termbasar og andre relevante språkressursar frå Noreg og andre nordiske land, og første term-base ut er Meteorologisk leksikon – Metlex. I tillegg kan de i denne utgåva mellom anna lese om kven som fekk midlane Kulturdepartementet lyste ut i sommar, og om fleire terminologiprojekt som no er i gang.



Vi ønskjer alle lesarane våre ei riktig god jul og eit godt nytt år!

Sidan sist

Midlar frå Kulturdepartementet

Også i år lyste Kulturdepartementet ut midlar til språktiltak, og i slutten av september fekk vi vite kven som fekk midlar i år. Av totalt 3,9 millionar kroner gjekk 1,3 millionar til terminologiprojekt, fordelt på tre prosjekt. Standard Norge fekk 600 000 til et prosjekt for å etablere norsk terminologi der det finst internasjonale standardar. Nasjonalt kunnskaps-senter for helsetenesta fekk 400 000 til arbeidet med omsetjinga av MeSH (Medical Subject Headings), og Høgskolen i Buskerud og Vestfold fekk 300 000 til utvikling av terminologi innan optometri. Du kan lese meir om MesH og optometri under «Nyheiter».

I pressemeldinga frå departementet om tildelinga av midlar står det mellom anna følgjande: «Terminologiarbeid er eit viktig verkemiddel for å halde oppe og vidareutvikle norsk fagspråk.

Det er rett og slett viktig for å halde ein opplyst samtale på norsk.»

Innlegg om nødterminologi

Språkrådet heldt i september eit innlegg på Redningskonferansen. Redningskonferansen er ein årleg konferanse for nødtenestene, og i år var temaet «Samvirke i praksis». Språkrådet bidrog saman med brannsjefen i Skien, Guttorm Liebe, med eit innlegg om kor viktig det er med eit felles språk i nødsituasjonar.

Språkrådet fekk invitasjon til å halde innlegg på bakgrunn av arbeidet vi er med på i arbeidsgruppene for *Kollegiet for brannfagleg terminologi* (KBT) og *Terminologi for akutt forureining* (TAF) og seminaret om terminologi i nødetatane som vi arrangerte i mars i år. Interesse for eit felles rednings-språk var stor, og behovet for ei samordning av terminologi

mellom nødetatane vart nemnt i fleire innlegg på konferansen.

Terminologikurs

7. desember holdt Språkrådet og fagrådet for fagspråk og språk i samfunn og høgere utdanning sitt årlige heldagskurs i grunnleggjende terminologiarbeid. Kurset er et samarbeid med Standard Norge, og det var Håvard Hjulstad og Knut Jonassen fra Standard Norge som foreleste.

Kurset ble holdt i Oslo i år, og 21 deltakere fikk en innføring i terminologisk teori og metode og terminologiarbeid. Kurset er en blanding av forelesninger om begrep, definisjon og term og praktiske øvelser i å lage begrepssystem, skrive definisjoner og finne gode termer.

Nyheiter

Nordisk prosjekt inn i ny fase

Det nordiske terminologi-prosjektet *Termbase til støtte for nordisk mobilitet* er i ferd med å avslutte første fase med terminologi for utdanningsforløpet, fra grunnskole til videregående og høyere utdanning. Neste fase starter ved årsskiftet, og da er det termer for arbeidslivet som står for tur.

Prosjektet omfatter språkene norsk, dansk, islandsk, svensk og finsk. Det skal ferdigstilles i 2016.

Medisinske og helsefaglige termer på norsk

Det arbeides iherdig videre med oversettelse til norsk av termer og definisjoner i prosjektet *MeSH på norsk* hos Helsebiblioteket.no (MeSH = Medical Subject headings). Prosjektet skal etter planen avsluttes i 2017. Da vil 27 500 termer og mange sentrale definisjoner i denne mangespråklige emnekatalogen foreligge på norsk. Språkrådet bidrar med oversettelse til nynorsk. [Les mer om prosjektet.](#)

2016 – eit jubileumsår

Neste år er det jubileumsår for fleire terminologiforum og -organisasjonar.

[Det nordiske samarbeidsforumet Nordterm](#) vart skipa i 1976 og fyller dermed 40 år i 2016.

[Den europeiske terminologiforeininga, EAFT](#), har 20-årsjubileum neste år, og [Terminologisentrum TNC](#) i Sverige kan glede seg til å feire heile 75 år!

Vi gratulerer!

Terminologen utgåve 4 og 5

Terminologen, skriftserien for terminologi og fagspråk som Språkrådet gir ut, har i haust komme ut med to nye utgåver, nr. 4 og 5. Dei inneheld foredrag frå to seminar arrangerte av Språkrådet høvesvis hausten 2013 og 2014. Det første seminaret dreidde seg om stillinga for norsk fagspråk i høgare utdanning, det andre om nordiske termbasar og organiseringa av dei. [Les meir, og bestill gratis eksemplar her.](#)

Terminologi for optometri

Høgskolen i Buskerud og Vestfold har fått tildelt 300 000 kroner frå Kulturdepartementet til å setje i gang eit terminologiprojekt innanfor optometri. Høgskolen samarbeider med bransjeforeininga Noregs Optikarforbund og Språkrådet, og Språkrådets termwiki vert nytta som termbaseløysing.


Terminologien vil dekkje norsk (begge målformer), engelsk og noko latin. [Les meir her.](#)

Kognitiv lingvistikk

Språkrådet har tatt initiativet til et nytt terminologiprojekt i kognitiv lingvistikk. Lærebøker innenfor kognitiv lingvistikk er i all hovedsak på engelsk, så behovet for norskspråklig terminologi er stort.

Referansegruppe for prosjektet er medlemmer av [Norsk forening for kognitiv lingvistikk](#) (NORKOG), som vil kvalitetssikre termer og definisjoner.

Prosjektet er toårig.

Visste du at? Om *Språkrådets termwiki*


Språkrådet har fått utviklet et eget verktøy der fagmiljøer kan samle og registrere fagterminologi, slik at termene blir søkbare og tilgjengelige for andre. Løsningen er wikibasert, det vil si at det er programvaren MediaWiki som ligger til grunn for termwikien. Det er samme programvare som brukes i Wikipedia, så deler av grensesnittet vil være kjent.

Termwikien er et tilbud til fagmiljøer som vil ha en termbase, men som ikke ønsker eller har mulighet til å utvikle en egen programvare-

løsning. I tillegg er den et tilbud til personer som søker etter terminologi. Til nå er det registrert terminologi på flere språk innenfor fem ulike fagområder i wikien: data, kjemi, vegtrafikk, personvern og kjønnsforskning. Flere fagområder er på tappene, blant annet optometri.

Du kan søke fritt i termwikien, men du må ha en brukerkonto for å kunne registrere termer. Brukerkontoer opprettes ikke automatisk, men forespørselen blir behandlet hos oss i Språkrådet. [Du finner termwikien her.](#)

På kornet – portrettintervju med Bodil Nistrup Madsen

Bodil Nistrup Madsen er leder for DANTERMcentret ved CBS i København.

Hva er det beste med jobben din?

At jeg får lov til at arbejde med lige netop det, der interesserer mig mest: begrebsafklaring, vidensmodellering, terminologi- og videns-håndteringssystemer, automatisering af terminologiske arbejdsprocesser.

Hvilken utdanning har du etter videregående skole?

Jeg har en kandidatuddannelse (cand.ling.merc. i tysk og fransk) fra Handelshøjskolen i København – i dag Copenhagen Business School. Mit speciale var en terminologisk afklaring af 'universitetscenter' og relaterede begreber i Danmark og Tyskland.



Hva var favorittfaget ditt på barneskolen?

Naturhistorie i sterk konkur- rence med dansk skriftlig for- mulering – jeg skrev i 2. klasse et kort eventyr.

Hvorfor er arbeid med termi- nologi viktig?

Det skaber en fælles forståelse af begreber, hvilket er en forudsætning for faglig kom- munikation på et eller flere sprog. Det danner baggrund for vidensstrukturering og videns- deling og dermed digitalisering

i private og offentlige virksom- heder.

Om du kunne velge et annet yrke, hvilket og hvorfor?

Det er svært, da jeg holder så meget af mit arbejde. Men måske begrebsmedarbejder eller informationsarkitekt i en offentlig myndighed.

Hva leser du helst på fritida?

Erindringsromaner, socialreal- isme, magisk realisme, histor- iske slægtsromaner.

Hva er din favoritterm?

'terminologisk ontologi', dvs. et begrebssystem, der omfatter karakteristiske træk, som ad- skiller relaterede begreber fra hinanden. Det er terminolo- giske ontologier, der er kernen i den form for vidensmodeller- ing, som jeg arbejder med.

Aktuell term: *Nøytrino*

Årets nobelpris i fysikk heidrar nye oppdagingar av elementærpartikkelen *nøytrino*. Men sjølvve termen er gammal og har italienske anar utanom det vanlege.

Kanadiske Arthur B. McDonald og japanske Takaaki Kajita har fått nobelprisen i fysikk for 2015. Gjennom eksperiment har dei oppdaga at *nøytrino*a endrar identitet på veg frå sola til jorda, det som på fagspråket vert kalla *nøytrino-oscillasjon*.

Milliardar av *nøytrino* passerer gjennom kroppen vår kvart einaste sekund, og dei klarer lett å gå tvers gjennom jordkloten. *Nøytrino*a er blant dei viktigaste partiklane i universet og i naturen vår.

Termen *nøytrino* kan sporast attende til 1932, då den italienske fysikaren Enrico Fermi nytta han for første gong, [ifølgje ein fagartikkel](#). På den tida

vert *nøytron* nytta som term for to ulike typar partiklar. *Nøytrino* kom etter kvart i bruk for den minste varianten, noko som vert gjenspegla i sjølvve termen. På italiensk vert diminutivforma *-ino* nytta ein god del, jf. *biscotino* ('liten kjeks') og *panino* ('lite brød, rundstykke'). Språkleg tyder *nøytrino* 'nøytronet som er lite (*-ino*)'.

Slike diminutivformer finn ein i mange språk, også i tradisjonell norsk, t.d. *-ling* (jf. *mannsling*). Men dei er likevel ikkje særleg produktive i språket vårt lenger.

Diminutivformer vert i varierende grad nytta i fagtermar. Fogelberg og Petersson skriv i *Medicinenens språk* (2013) at ein i medisinsk fagspråk ofte nyttar fagtermar med slike former, t.d. *arteriol* ('liten arterie') og *ductulus* ('liten ductus, gang').

Men ein italiensk diminutiv i fysikken må nok seiast å vere ein framand fugl.

Spørsmål og svar 1: Oversettelse av *walk-in closet*?

Hva kan *walk-in closet* hete på norsk? Kan *vandreskap* være et godt avløserord? Hva med *garderoberom*?

Vi ser at *garderoberom* er en del brukt, blant annet i boligannonser. Også Skatteetaten har brukt *garderoberom* i forbindelse med regler for oppmåling av areal på hus og leiligheter.

Kleskott er også blitt foreslått, men det ordet er kanskje allerede «tatt» i en litt annen betydning, altså et rom hvor man henger opp klær, men ikke nødvendigvis et rom som fungerer som en garderobe eller et stort skap. Kanskje kan *omkledningsrom* også være en oversettelse, men vi ser at Skatteetaten skiller mellom *omkledningsrom* og *garderoberom*, og hvilken av betydningene som tilsvarer *walk-in closet*, er vanskelig å si.

Vandreskap er et artig ord som også kan fungere som en avløser for det engelske *walk-in closet*. Det er nok ikke etablert noen fast betegnelse på norsk, men *garderoberom* ser ut til å være en sterk kandidat.

Spørsmål og svar 2: Norsk for *trigger warning*?

Det vert snakka og skrive mykje om *trigger warning* no for tida. Kva kan vere ein god norsk term?

Slik vi forstår omgrepet, dreier deg seg om ei åtvaring som vert nytta i samband med bøker, filmar og andre medium. Åtvaringa gjeld innhald som kan vekke til live trauma for han eller ho som les, ser eller høyrer på. Vi ser at *triggeråtvaring* har vore i bruk, og det kan vere ein mogleg avløysarkandidat.

Lauvås og Lindgren, som har skrive boka *Etter sjokket. Traumatisk stress og PTSD* (2015), har på Twitter foreslått å nytte *traumepåminnarar*. I nokre samanhengar vert omgrepet nytta om krenkingar og anstøyt, og då foreslår dei *anstøytsåtvaring*. Her har [Aftenposten](#) nytta *krenkingsvarsel*.

Språkrådet har også rådført seg med [Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress](#) (NKVTS). Dei nyttar *traumepåminnar* og *traumetriggar* for det som minner om traumet, men altså ikkje for sjølv åtvaringa.

Smakebitar frå nordiske termbasar: MetLex

Kva er definisjonen av *vinter*? Og kva er skilnaden på *hagl*, *iskorn* og *kornsnø*?


Anten det er ein mild eller ein kald desembermånad, så likar vi å snakke om vëret. Men temaet er også eit fagfelt med sine omgrep. Om du ønskjer å vere meir presis i ordbruken, kan du vitje [MetLex](#), Meteorologisk institutts wikibaserte leksikon.

MetLex inneheld 706 postar, alle med definisjonar og i ein god del tilfelle illustrasjonar.

Eit søk i basen syner til dømes at *nippflod* er det motsette av *springflod*. Ein [finvërsdag](#) er definert ut frå den observerte skymengda kl. 06, 12 og 18. Dersom berre 0–2 åttandedelar av himmelen er dekt av skyer, er det finvë. *Lettsky*, *delvis*

skya og *skiftande skydekke* følgjer den same [skalaen](#).

Dei som vil vite skilnaden på *hagl*, *iskorn* og *kornsnø*, kan vitje sidene i MetLex. For dei utolmodige kan vi avsløre at [vinter](#) er den tida av året då normal døgnmiddeltemperatur er lågare enn 0 °C. Klimatisk sett har difor fleire større byar i Noreg ikkje vinter.



TERMINOLOGGEN

Du finn ein oppdatert kalender over komande terminologirelaterte arrangement på nettsidene våre:

<http://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Terminologi/kalender/>

Nokre komande arrangement

18.–20. februar 2016 arrangeres *Oversatte dager* på Litteraturhuset i Oslo. Arrangementet er et samarbeid mellom [Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening](#) og [Norsk Oversetterforening](#), og målet med arrangementet er å «synliggjøre og spre entusiasme for det avanserte språklige kunststykke det er å oversette skjønnlitteratur og sakprosa».

Språkrådet deltar også på *Oversatte dager* med en samtale med oversetter Stian Omland om hvordan en oversetter håndterer fagspråk i skjønnlitterære oversettelser. Denne samtalen står på programmet den 18. februar klokka 13.

11.–15. juli 2016 er det tid for den årlige [Terminology Summer School \(TSS\)](#). TSS arrangeres av det internasjonale terminologinettverket *TermNet*, og i 2016 er det Wien som er vertsby for sommerskolen. Hvis du melder deg på før 31. desember, får du 10 % avslag i kursavgiften.

TERMINOLOGIARBEID I SPRÅKRÅDET

Postadresse:
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

Besøksadresse:
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

Telefon: 22 54 19 50

E-post: term@sprakradet.no

www.sprakradet.no
www.sprakradet.no

Språkrådet

RIKTIGE TERMAR GIR GODT
FAGSPRÅK

Språkrådet har eit overordna, nasjonalt ansvar for å samordne utviklinga og tilgjengeleggjeringa av norsk terminologi. Arbeidet med terminologi er plassert i seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning. Tre rådgjevarar arbeider på området, og dei samarbeider tett med Språkrådets fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning. På området skal Språkrådet

- ta initiativ til, leggje til rette for og samordne aktivitet
- vere ein aktiv pådrivar for forskings- og utviklingsarbeid
- søkje å koordinere praktisk terminologiarbeid i næringslivet
- assistere fagmiljø og hjelpe til med å byggje opp termbasar
- byggje alliansar som kan føre til auka interesse og ansvar for norsk terminologi og fagspråk
- gi råd til offentleg forvaltning, næringsliv og publikum

www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Terminologi/

Språkrådet gir ut ei rekkje publikasjonar, blant anna *Termlosen*, ei innføring i terminologiarbeid. [Du kan lese meir om *Termlosen* her.](#)